



Arkiv: 223  
Saksmappe: 2013/681  
Sakshandsamar: Øystein Sørhaug  
Dato: 18.02.2014

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
	Styringsgruppe felles næringsssamarbeid Lindås og Austrheim kommunar	12.02.2014
	Formannskapet	06.03.2014
	Kommunestyret	20.03.2014

## Oppstart av strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)

Saka er forankra i styringsgruppe felles næringsssamarbeid Lindås og Austrheim kommunar.

Saka skal gå til innstilling i formannskapet.

Saka skal endeleg avgjerast i kommunestyret.

### Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner framlegget om strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan, i tråd med det som er skildra i saksutgreiinga.

---

### Saksdokument vedlagt:

- Strategisk Næringsplan for Austrheim og Lindås kommune (2011 – 2020).
- Presentasjon av interkommunal strategisk nærings- og samfunnsutviklingsplan v/ Nordhordland Utviklingsselskap (NUI).

### Saksutgreiing:

Handlingsprogrammet til strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommune (2011 – 2020) skal rullerast kvart andre år, første gang på etterm vinteren 2013. Den strategiske delen skal ligge fast fram mot 2015.

Handlingsprogrammet er sterkt knytt til strategidelen, som har fire hovudsatsingar:

1. Ny industrireiseing på Mongstad
2. Ein synleg og tydeleg region
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion
4. Aktiv, positiv vertskap

Planen har altså ein tydeleg regional profil. I tillegg har det skjedd betydelege endringar ift hovudstrategi 1.

NUI har no sett i gang eit arbeid med ein interkommunal strategisk nærings- og samfunnsutviklingsplan. Ein forventar å vere i mål med dette planarbeidet i januar 2015. NUI skal også gjennomføre ein eigen parallell prosess med næringsareal, men denne planen kjem noko seinare.

Den siste tida har det dukka opp positive nyheiter som i sterk grad vi påverke Mongstad i dei neste åra. Mongstad er no i ein interessant ny strategisk posisjon, og med moglegheiter for ny verdiskaping og vekst. Desse store industriprosjekta vil både krevje mykje arbeid frå felles næringsavdeling for Lindås og Austrheim kommunar og kommunane som heilskap:

1. Industriprosjekt: Johan Sverdrup-ilandføring til terminalen på Mongstad
2. Industriprosjekt: BKK kraftlinje Mongstad – Kollsnes
3. Industriprosjekt: Mongstad som hovudforsyningsbase

Felles næringsavdeling for Lindås og Austrheim kommunar er i dag organisert som eit prosjekt som går ut ved utgangen av 2015. Næringsavdelinga rapporterar i dag til ei styringsgruppe, med representantar frå politisk- og administrativ leiing i begge kommunane.

Det er eit stort politisk ynskje og engasjement for å videreføra samarbeidet, og fokusera endå tydelegare på Mongstad. Dette er med bakgrunn i mellom andre dei tre store industriprosjekta over, som vil vera krevjande utviklingsoppgåver for kommunane. At NUI no set i gang arbeidet med ein interkommunal/regional nærings- og samfunnsutviklingsplan, og får på plass eit viktig verktøy for det regionale arbeidet, gjer det også mogleg for næringsavdelinga til Lindås og Austrheim å ha eit endå større lokalt fokus på Mongstad.

Samstundes har arbeidet på Mongstad klare regionale ringverknader. Næringsavdelinga vil sørgja for naudsam overføringsverdi og synergjar mellom Lindås og Austrheim sin eigen strategiprosess og strategiprosessen for NUI sin interkommunale nærings- og samfunnsutviklingsplan.

Strategiprosessen vil verta organisert slik:

- Styringsgruppe: styringsgruppe felles næringssamarbeid Lindås og Austrheim kommunar.
- Prosjektleder: næringssjef/samfunnsutviklar Øystein Sørhaug og næringskoordinator Silje Andvik Hoaas.
- Referansegruppe: verksemdar på Mongstad, samt formannskap i Lindås og Austrheim kommunar.
- Viktige forankringspunkt vil vere kommunestyra i både Austrheim og Lindås kommune.

I løpet av strategiprosessen vil ein endre på handlingsprogrammet i eksisterande strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim (2011 – 2020). Ein vil også justere den strategiske delen.

Leveransen i strategiprosessen vil vere prosessuelle bidrag undervegs, koplingar til interkommunal strategisk nærings- og samfunnsutviklingsplan, og rullering/oppdatering av strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011 – 2020).